

	Retningslinjer for godkjenning av selskapsvogner i Hordaland		
	Dokumenttype: Reglement	Gjeld frå: 01.09.2014	Tal sider: 1
	Utarbeidd av: Samferdselsavdelinga	Revidert dato: 01.09.2014	Arkivsak: 2014/20370

I yrkestransportforskrifta §1 d heiter det:

Selskapsvognløyve, løyve som gir innehaveren rett til å drive persontransport med motorvogn registrert for høyst åtte sitteplasser i tillegg til førerasetet. Som selskapsvogn må bare brukes eksklusivt materiell godkjent av løyvemyndigheten.

Samferdselsdepartementet har ikkje gjeve retningslinjer for kva materiell som kan godkjennast som selskapsvogn, men har uttala at det vil variera over tid kva som ligg i omgrepet «eksklusivt», og at det ligg innafor løyvestyresmakta sitt skjønns å vurdere kva som til ei kvar tid kan godkjennast som selskapsvogn.

Retningslinjer for sakshandsaminga i Hordaland fylkeskommune.

1. Ved søknad om selskapsvognløyve skal
 - a. køyretøyet visast for løyvestyresmakta (to sakshandsamarar), og det skal takast bilde av køyretøyet.
 - b. kopi av vognkort for aktuelt køyretøy leverast saman med løyvesøknaden
2. Krav til køyretøy
 - a) For å bli godkjent som selskapsvogn skal køyretøyet ha eit eksklusivt preg, og som hovudregel vera av typen sedan eller limousin med god bein plass i baksete. Spesielle veteranbilar kan og godkjennast. Køyretøyet skal som hovudregel ikkje vera eldre enn 3 år.
 - b) Andre typar eksklusive køyretøy kan og godkjennast. Det kan vera nedregistrerte og oppgraderte minibussar som VW multivan/Caravelle, Mercedes V-serien o.l., samt stasjonsvogn/større SUV.
 - c) Som ein del av godkjenningsprosessen vil løyvestyresmakta vurdere trongen for ulike vogntypar.
 - d) Køyretøy som har gått som drosje vert ikkje godkjent som selskapsvogn.
3. Krav til «eksklusivt materiell»
 - a. Krav til eksklusivt materiell vil kunna vera oppfylt dersom køyretøyet sitt ytre er velhalde, ripe- og rustfritt og køyretøyet sin farge er av nøytral og diskret karakter. Interiørmessig må dører, sete og dashboard vera av god og eksklusiv kvalitet og standard. Det bør vidare vera tona vindauge, justerbare sete, klimaanlegg og generell miljøprofil.
 - b. Som hovudregel må køyretøyet ikkje vera utstyrt med logo eller andre former for uniformering.
4. Gjennomgong av selskapsvognløyve
 - a. Løyvestyresmakta føreteik ein gjennomgong av alle selskapsvogner kvart 5. år. Gjennomgongen vert gjort for å sjå til at kriteria for eksklusivt materiell framleis er oppfylt. Alle køyretøya skal framvisast for løyvestyresmakta for ny godkjenning. Det skal takast nye bilete av køyretøya.
 - b. For køyretøy som ikkje lenger oppfyller gjeldande retningslinjer for eksklusivt materiell, får løyvehavar ein frist på 3 mnd for å setja nytt godkjent køyretøy på løyve.